

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

06.06.2017

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tirsdag, 13.06.2017 kl. 16.05 i Høgda 4. etasje

SAKLISTE:

- Sak 03/17 - Godkjenning av møtebok frå møte 16.01.2017
- « 04/17 - Årsmelding 2016 – Stranda kommune
- « 05/17 - Kommunerekneskapen 2016– Stranda kommune
- « 06/17 - Særrekneskapen 2016 – Stranda Hamnevesen KF
- « 07/17 - Refusjonssak Svemorka, jf. kommunestyrevedtak
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 16.01.2017 kl. 16.05
Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Eva Rinde Habostad, Ole Jørgen Sve og Anne Melgaard Tårn

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda kommune møtte ass. rådmann Kjartan Lied
Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 01/17

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 29.11. 2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 29. november 2016 blir godkjent.

SAK 02/17

PROSESSEN VA-ANLEGG OG VEG I SVEMORKA

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret viser til granskingsrapporten om prosessen VA-anlegg og veg Svemorka, og ber rådmannen leggje fram ei separat sak som avklarar korleis avvik avdekka i rapporten kan førebyggast for framtida.

2. Kommunestyret ber spesielt om tiltak knytt til følgjande område:

- System og rutinar for handtering av offentleg anbodskonkurranse og oppfølging av fristar
- Regelverk og system for praktisering av refusjonsreglane etter plan- og bygningslova
- Prosedyrar for inngåing av oppdragsavtalar og kontraktsdokument
- Praktisering av offentleglova i høve dokumentinnsyn
- Gjennomgang av behov for styrking av fagleg kompetanse innanfor teknisk byggeleing

Inge Gjærde	Helge Kvame	Eva Rinde Habostad	Ole Jørgen Sve	Anne Melgaard Tårn
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 06.06.2017

**SAK 04/17
ÅRSMELDING 2016 – STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2016– Stranda kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2016 for Stranda kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 06.06.2017

SAK 05/17
KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – STRANDA KOMMUNE

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2016 - Stranda kommune
2. Stranda kommune - kommunerekneskapen 2016

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for handlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Stranda kommune sin rekneskap for 2016 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret
i Stranda

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR – KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – STRANDA KOMMUNE

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser kr 240 559 905,37 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11 396 262,86. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Anna informasjon består av informasjon i kommunen sin årsrapport, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Rådmannen er ansvarleg for anna informasjon.

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadvegen 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51

Bankkonto:
6540 05 00465
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål for å vurdere om det ligg føre vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den anna informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, med rimelegheit kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til: www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen i det alt vesentlege stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 24. mai 2017



Kjetil Bjørnsen
kommunerevisor

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 06.06.2017

SAK 06/17
REKNESKAP 2016 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2016 - Stranda Hamnevesen KF
2. Rekneskap 2016 – Stranda hamnevesen KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for handlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2016 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Styret

Til
Kommunestyret
i Stranda

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR – SÆRREKNESKAPEN 2016 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Uttale om særrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert særrekneskapen for Stranda hamnevesen KF som viser eit netto driftsresultat på kr 4 926 231,29, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 415 539,29. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til særreknskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den særrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen*. Vi er uavhengige av føretaket slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Anna informasjon består av informasjon i føretaket sin årsrapport, men inkluderer ikkje særrekneskapen og revisjonsmeldinga. Leiinga er ansvarleg for anna informasjon.

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadvegen 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51

Bankkonto:
6540 05 00465
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587

Vår uttale om revisjonen av særrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av særrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål for å vurdere om det ligg føre vesentleg inkonsistens mellom denne og særrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den anna informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av særrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at særrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, med rimelegheit kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på særrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til: www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om særbudsjett

Basert på revisjonen vår av særrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert særbudsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av særrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om rekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av særrekneskapen som omtalt ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 23. mai 2017



Kjetil Bjørnsen
kommunerevisor



Knut Gunnar Alnes
registrert revisor

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 06.06.2017

SAK 07/17
REFUSJONSSAK SVEMORKA, JF. KOMMUNESTYREVEDTAK

Som vedlegg følger:

- Melding om vedtak datert 05.05.2017

Kontrollutvalsekretariatet ser på oppdraget frå kommunestyret som ein forespørsel om ei undersøking av rekneskapsopplysningar. Med bakgrunn i dette vart dokumenta og alle vedlegga oversendt kommunerevisjonen umiddelbart. Ei formell behandling i kontrollutvalet må likevel gjerast ettersom meldinga om vedtak er stila til kontrollutvalet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen undersøkje:

1. Kva for refusjonar og anleggsbidrag kommunen har motteke ved prosjektslutt
2. Kva for økonomiske følgjer bortfall av refusjonskrav vil få for kommunen og sjølkostområdet.

Harald Rogne
dagleg leiar

Harald Rogne

Fra: Evelyn Omenås <evom@stranda.kommune.no>
Sendt: 5. mai 2017 15:18
Til: Harald Rogne
Emne: Refusjonssak Svemorka, jf. kommunestyrevedtak 003/17.
Vedlegg: Refusjonssak Svemorka, jf. kommunestyrevedtak 003/17.
Refusjonssak Svemorka, jf. kommunestyrevedtak 003/17..pdf; Refusjonar 210317.pdf; Refusjonsenhet 1.pdf; Refusjonsenhet 2.pdf; Refusjonsenhet 3.pdf; Refusjonskart Svemorka.pdf; Uttakturett Orkla.pdf; Grunnkjøp.pdf

Melding om vedtak

Kontrollutvalet i Stranda

Vår ref.:	Dyktar ref.:	Arkiv:	Dato:
2017000038- 11		K2 - M00	05.05.2017

Refusjonssak Svemorka, jf. kommunestyrevedtak 003/17.

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

03.05.2017 KOMMUNESTYRET 026/17

Kommunestyret ber kontrollutvalet om å utarbeide ein rekneskapsrevisjon som viser :

1. Kva for refusjonar og anleggsbidrag kommunen har mottatt ved prosjektslutt
2. Kva for økonomiske følgjer bortfall av refusjonskrav vil få for kommunen og sjølvkostområdet

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Einar Lied
Kommunalsjef plan og utvikling

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.

Vedlegg:		
Dok.dato	Titel	Dok.ID
05.05.2017	Refusjonssak Svemorka, jf. kommunestyrevedtak 003/17.	207255
05.05.2017	Refusjonar 210317	205068
05.05.2017	Refusjonsenhet 1	205058
05.05.2017	Refusjonsenhet 2	205039
05.05.2017	Refusjonsenhet 3	205059
05.05.2017	Refusjonskart Svemorka	205070
05.05.2017	Utfakturert Orkla	205051
05.05.2017	Grunnkjøp	205056